



KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen, 5557 2155
Mari Berg-Arnesen

Uttale - offentlig ettersyn - Kvinnherad - gbnr.134/34 mfl - Børnes næringsområde - detaljregulering

Vi viser til brev frå Kvinnherad kommune av 31.10.2023. Saka gjeld nytt offentlig ettersyn av detaljregulering for Børnes næringsområde. Vi viser vidare til tidlegare dialog i saka, mellom anna dialogmøte 18.09. 2020 og vår seinaste uttale av 21.12.2020.

Støy

Det er positivt og naudsynt at kommunen no har tatt grenseverdiar for støy, jamfør retningslinjer i T-1442, inn i føresegna.

Bygghøgder

I planen er bygghøgde for BN9 og BN 12 auka til 28 meter. Dette vert mellom anna grunngjeve med at det er trong for denne høgda for verksemda på staden som driv med reins og bøting av nøter for oppdrettsindustrien. Verksemda treng utviding av areala knytt til dette. Kommunen vurderer byggehøgde for hallane må bestemmast ut frå industrien sine tarv, og viser til at er ein knappheit på eigna stader for maritim industri. Kommunen viser vidare til at når ein først tar eit område som Børnes til eit slikt føremål, er det viktig at det då kan gjevast ein god utnytting og tilstrekkeleg fleksibilitet. I områda BN6 og BN7, heilt mot nord, er det sett maks byggehøgde på 9 meter og maks utnyttingsgrad 60% BYA. Dette grunna den eksponerte plasseringa ut mot sjøen, ytst på neset.

Statsforvaltaren har forståing for at deler av industrien kan ha trong for høge bygningar. Men, som vi i tidlegare dialog har peika på, vil den massive og høge utbygginga gje relativt store negative verknader for landskapet i området. Dette kan reduserast noko. Vi vil difor sterkt tilrå at kommunen legg opp til ei avtrapping i byggehøgde utover neset.

Støv og forureining frå anleggsarbeid og knusing av stein

Føresegna opnar for knusing massar på området. For å gjere føresegna meir tydeleg vil vi tilrå følgande endringar i føresegn 2.5.1 til 2.5.3:



2.5.1. Der det er tenleg kan ein knuse og sikte masser som er tatt ut på staden til lokal bruk. Det er ikkje tillat med mottak, behandling og mellomlagring av eksterne massar på staden. Mobile knuseverk blir å rekne som stasjonær når aktiviteten har gått føre seg på same stad i meir enn eit år. Det er ikkje tillate å etablera stasjonære knuseverk eller siktestasjonar for produksjon av grus, sand og singel på området.

2.5.2 Perioden for bruk av mobile knuseverk må inngå i ein forpliktande framdriftsplan for opparbeiding av næringsområdet.

2.5.3. Mellombels verksemd skal skjermast mot innsyn og støy med voller eller lagerhaugar etter kvart som masser tas ut..

Det bør vidare tydeleggjerast om lokal bruk av knuste masser (som nemnd i 2.5.1) er masser for vidareasal i det lokale marknaden, eller til bruk intern på reguleringsområdet i opparbeiding av næringstomter.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Fredrik Arnesen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent